

## **Alderspsykiatrisk tilbod i Helse Bergen HF sitt opptaksområde**

### **Rettleiar for tilvising**

I Helse Bergen HF sitt opptaksområde er det to einingar som gir tilbod innan alderspsykiatri på sjukehusnivå,- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus og Seksjon for alderspsykiatri, Helse Bergen (HBE). Nasjonale føringar anbefalar at pasientar over 65 år som tilvisast til psykisk helsevern vanlegvis bør vurderast og behandlast ved DPS. Ved alvorlege og komplekse lidningar bør pasienten vurderast og behandlast ved alderspsykiatrisk avdeling. Begge institusjonane er godkjend for tvungent psykisk helsevern.

#### ***Pasientar som bør vurderast/behandlast ved DPS***

Pasientar over 65 år skal tilvisast til utgreiing og behandling på DPS nivå ved:

- Allmenne psykiske lidningar som t.d. moderat til alvorleg depresjons- eller angstlidning, tvangsliding o.l.
- Kjent psykisk sjukdom der det allereie er etablert kontakt med psykisk helsevern

#### ***Følgjande pasientar bør vurderast/behandlast ved alderspsykiatrisk avdeling:***

- Pasientar med alvorlege psykiske lidningar debutert etter fylte 65 år
- Pasientar med demens og alvorlege nevropsykiatriske symptomter (NPS). Alder >65 år er av mindre betyding.
- Pasientar med uavklart demensdiagnose eller mistanke om kognitiv svikt på nevrodegenerativt grunnlag.
- Pasientar over 65 år med alvorleg psykiatrisk lidning frå tidligare, når samstundes somatisk sjukdom eller høg alder gjer alderspsykiatrien hensiktsmessig.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp-innlegging i psykisk helsevern bør dette i all hovudsak skje ved døgnpostar i DPS eller eventuelt ved Psykiatrisk Akuttmottak (PAM). Olaviken og Seksjon for alderspsykiatri, HBE har ikkje ØH-plassar, men tar i mot pasientar snarast mogeleg.

#### ***Pasientar som bør tilvisast til Seksjon for alderspsykiatri, HBE:***

- Alderspsykiatriske pasientar med omfattande somatisk sjukdom og samstundes behov for bistand frå somatisk spesialisthelseteneste.
- Alderspsykiatriske pasientar med behov for innlegging og der det er sannsynleg at ECT-behandling vil vere ein del av tilbodet.
- Ved behov for konsultasjon/rådgiving for alderspsykiatriske pasientar som er innlagde ved kommunale institusjonar og samstundes får ECT-behandling.

#### ***Pasientar som bør tilvisast til Olaviken:***

- Pasientar med demens og/eller ei alvorleg sinnsliding komplisert med utfordrande åtferd.

#### ***Pasientar som kan behandlast ved begge institusjonane:***

I tillegg til pasientgruppene over er det ei stor gruppe av dei alderspsykiatriske pasientane som vil få eit like godt tilbod ved begge institusjonane. Dei kan tilvisast enten til Olaviken eller Seksjon for alderspsykiatri HBE.

Kvar veke er det kontakt mellom inntaksansvarlege ved institusjonane der inntak koordinerast.

**For meir informasjon sjå [www.olaviken.no](http://www.olaviken.no) og [Seksjon for alderspsykiatri, Helse Bergen](#)**